

Kva er vi med på i Midtausten?

Saman med fleire partnerar ynskjer vi å bidra til å gjere Guds kjærleik synleg i muslimske samfunn, der kristne er ein minoritet.

KRISTENT MEDIARBEID OG TILGANG TIL BIBLAR

I Midtausten og Nord-Afrika har over 90 % av befolkninga tilgang til satellitt-TV. Den kristne arabiske TV-kanalen Sat-7 sender heile døgnet på fleire kanalar. Programtilbodet er variert med filmar, dokumentarar, gudstenester, talk-show, spesialprogram for kvinner, egne program for ungdom, eigen stasjon for barn, skulefagleg undervisning for flyktningbarn m.m. Over 23 millionar sjåarar følgjer sendingane regelmessig. NMS bidrar også til drift av to bokhandlar i Kairo. Bibelselskapet i Egypt samarbeider med lokale kyrkjelydar i heile Egypt for å selje biblar og bibeldelar til sterkt reduserte prisar til fattige familiar.

NETTBASERT TEOLOGISK UTDANNING

NMS støttar Evangelical Theological Seminary in Cairo (ETSC) sitt digitale teologiske utdanningsprogram. Programmet gjer det mogleg å tilby teologisk utdanning til mange fleire pastorar enn tidlegare, både i og utanfor Egypt.

KAMP MOT KJØNNBASERT VALD OG TVANGSEKTESKAP

På Anastasia undervisningscenter i Egypt får unge kvinner som er utsette for vald og seksuelle overgrep delta i traumehelende workshops. Dei får vite at dei er verdfulle og viktige og at dei sjølve kan bestemme over eigen kropp og eige liv. Kvart år får også 30 prestar opplæring i å skape haldningsendrande åtfærd i lokale kyrkjelydar. Gjennom Sat-7 og andre media søkjer vi å endre haldningar og åtfærd, særleg hjå unge menneske, når det gjeld tema som rasisme, konflikt-handtering og likeverd.

JURIDISK BISTAND OG VERN TIL TRUSMINORITETAR

I Pakistan støttar vi Center for Legal Aid Assistance and Settlement (CLAAS). Det er ein trusbasert organisasjon som arbeider for rettane til ulike minoritetar. Dei gir juridisk bistand til dei som med urette vert skulda for blasfemi, besøker dei som sit i fengsel, driv krisesenter for kvinner og barn og underviser fattige i kva rettar dei har. Gjennom Middle East Concern (MEC) bidreg vi til å forsvare menneskerettane til folk i Midtausten og Nord-Afrika som blir diskriminerte eller forfølgde for si kristne tru.

Oppfølging frå NMS

NETTSIDE: Kyrkjelyden har si eiga side på nms.no: nms.no/finndinmenighet
Her er historier og informasjon frå Midtausten, oversikt over kor mykje kyrkjelyden har gitt dette året m.m.

NYHENDEBREV: Ny informasjon kjem på e-post tre gonger i året.

BESØK: Ønskjer kyrkjelyden besøk frå NMS? Ta kontakt!

Kontaktinformasjon

E-POST: menighet@nms.no - Telefon: 51 51 61 00 (NMS' infosenter)

POSTADRESSE: NMS, Boks 226 Sentrum, 4001 Stavanger



FOTO: MARIT MØJLSNESET, SAT-7



FAKTA OM MIDTAUSTEN

I vår samanheng inkluderer vi landa frå Marokko i vest til Pakistan i aust. Her bur meir enn 900 millionar menneske, der nesten 500 millionar er arabisktalande. Regionen er gjennomgåande muslimsk. Mange kristne blir forfølgde, og ein god del reiser difor frå området. Krig og politisk uro pregar fleire av landa.

